

Dykkar ref.:	Vår ref.	11835796	Dato:
	Sak/dok.:	17/34390-1	06.09.2017
	Ark.:	346	

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 108 bnr. 304 i knr. 1263 Lindås kommune

Vi har vurdert skøyte som de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Det er ikkje samsvar mellom namn og organisasjonsnummer på kjøpar. Det er oppgitt at kjøper er Lindås kommune, mens organisasjonsnummeret høyrer til Lindås kommune Vegvedlikehold med organisasjonsnummer 974 551 802. Det går fram av opplysningar frå Enhetsregisteret at Lindås kommune Vegvedlikehold er ein undereining til Lindås kommune.

I grunnboka er det hovedorganisasjonsnummeret som skal registrerast som heimelshavar fordi ein undereining ikkje er eit sjølvstendig rettssubjekt. Vi viser til Rundskriv for tinglysing, kapittel 3.1, problemstilling nr. 7 og 8.

Det er også Lindås kommune Vegvedlikehold som er registrert som kjøpar i Matrikkelen for avklaring av konsesjonsforholdet. Vi ber difor om at skøyte og opplysningane i Matrikkelen blir endra.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er opne alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 07.

Venleg helsing

Hege Aas Karlsen
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.